



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Samfunnsplanavd. Jostein Klette, 55 57 23 26
Miljøvern avd. Egil Hauge, 55 57 23 13
Landbruksavd. Åse Vaag, 55 57 21 88

Vår dato
15.11.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2009/12066 421.2
Dykkar referanse

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130
4001 STAVANGER

Uttale til regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

Vi viser til dykkar brev dagsett 07.09.2011. Saka gjeld offentleg ettersyn av regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Føremålet med arbeidet er å sikre villreinen langsiktige og gode livsvilkår og tilstrekkeleg leveområde. Samstundes skal det fokuserast på bruk og verdiskaping i heiområda, og leggja til rette for lokalsamfunna sin trong for næring og bygdeutvikling.

Reinsstammen i Setesdalen Vesthei og Austhei utgjør den sørlegaste populasjonen i Europa. Dette er det mest marginale området i Noreg for villrein. Ein hard belastning på vinterbeite, store snømengder og hyppig nedising fører til at dyra i Setesdal Vesthei har låg snittvekt. Store press på areala i området gjer at det er trong for ei overordna avklaring av arealbruken.

Fylkesmannen i Hordaland gav uttale til melding om oppstart av planarbeidet i brev dagsett 04.01.2010. Her viste vi at det var ein liten del av planområdet som låg i Hordaland, og vi viste til at trekkområda mellom Hardangervidda og Setesdal Vesthei var viktige å sjå i samanheng med denne planen.

Fylkesmannen sin vurdering

Planen sitt føremål har vore å avklare arealbruken til villrein, medan andre omsyn slik som natur, kulturminner, friluftsliv og landskap med meir vil verta avklara i framtidige kommuneplanar. Det er i planen skild mellom fire ulike soner: 1) nasjonalt villreinområde, 2) hensynssone villrein, 3) hensynssone trekkområde og 4) hensynssone bygdeutvikling.

Fylkesmannen meiner at det er bra at det her vert tydeleg differensiert mellom område for bruk og område der villreinen skal ha forrang. Dette vil danne eit godt grunnlag for seinare arealavklaringar i kommuneplanar, og forhåpentlegvis gjera planprosessane mindre konfliktfylte og ressurskrevjande. Det er positivt at planen i tillegg set fokus på trekkområda, og at det er teke inn retningslinjer i planen for desse områda.

Vi meiner imidlertid at denne prioriteringa ikkje vert fulgt opp i retningslinjene til planen. Det vert her opna for å "bygge, rehabiliter og videreutvikle nødvendige driftshusvære.." i samband med landbruksnæring og utmarksnæring. Ut frå definisjonen vil dette innebære bygg for turisme og tilgrensande aktivitet. Det blir i tillegg opna for å bygge opp att bygg på gamle tufter og å utvide eksisterande bygg til inntil 50 m².

I høve til ferdsel er retningslinjene lite førande. Det vert sagt at opprusting av eksisterande og etablering av nye vegar som hovudregel ikkje skal godkjennast. Her bør det gå klart fram at det ikkje bør opnast for nye vegar.

Desse retningslinjene opnar for ei utbygging i nasjonalt villreinområde og legg opp til ein auka ferdsel i området. Miljøverndepartementet syner i sitt tingingsbrev til at arbeidet skal basera seg på oppdatert kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. NINA har i fleire ulike rapportar vist at tettleiken av villrein vert reduserte i område med menneskeleg aktivitet. I område som er avsett til nasjonale villreinområde, må omsyna til villreinen vektleggast tungt.

Fylkesmannen vil her peika på dei nasjonale føringane som ligg til grunn for planarbeidet, og brevet frå Miljøverndepartementet dagsett 12.04.07. Her er det vist til at det er eit nasjonalt mål at leveområda til villreinen skal sikrast gjennom regionale planar. Planen skal ta omsyn til både lokal utvikling og sikre villreinen sine leveområde. Dette må gjerast gjennom å definera tydeleg kvar ein ynskjer utviklingsområda og kva leveområde for villrein som skal sikrast. Omsyna til villreinen i nasjonalt villreinområde må vektleggast tyngre i høve til utvikling av utmarksnæringar. Fylkesmannen meiner at retningslinjene må verta klarare på at det i sone for nasjonalt villreinområde ikkje bør opnast for etableringar som kan redusera villreinen sine leveområde. Etableringar knytt til lokal næringsutvikling bør finne stad i sonen avsett til bygdeutvikling.

Vi vil òg peika på viktigheten av trekkområda mellom Hardangervidda og Setesdalsheiane. Det er planlagd ein ny og lengre tunell over Haukelifjell. Denne vil vera positiv for villreinen sitt trekk mellom dei to fjellområda. Det er difor viktig at den gamle vegen over Haukelifjell ikkje vert opna for vinterbrøyting eller for ein auka bruk av denne til motorferdsel på snø. Ut frå planforslaget ligg det til grunn gode føringar for å ivareta denne typen trekkområder.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes e.f.
avdelingsdirektør

Berit Rystad
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Telemark	Statens hus	3708	Skien
Fylkesmannen i Aust Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Villreinnemda for Setesdalområdet	Dallonav. 8	4621	KRISTIANSAND S
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Vest- Agder	Postboks 513	4605	Kristiansand S
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Direktoratet for Naturforvaltning	Tungasletta 2	7485	TRONDHEIM
Vest Agder Fylkeskommune		4614	KRISTIANSAND S
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen